

# SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
016/20	Formannskapet	PS	18.03.2020

Saksbehandlar	ArkivsakID
Bente Skjerping	20/740

## Fullmakt til rådmannen

### Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

«Rådmannen får fullmakt til å ta opp med politi og vegeigar om innføring av restriksjonar på reiser til/frå Osterøy. Dette for å stoppa smittespreiing og slik medverka til å oppretthalda helse- og omsorgstenestene. Vedtaket vert gjort med heimel i kommunelova §§ 13-1, 6. ledd og § 11-8.»

## Formannskapet - 016/20

### FS - behandling:

Hjalte H. Gislason, H, gjorde slikt framlegg: "Denne fullmakta gjeld til 1. september 2020."

Framlegget vart ikkje røysta over, jfr. framlegg frå ordføraren.

Ordføraren gjorde slikt framlegg: «Rådmann og ordførar i felleskap får fullmakt til å ta opp med politi og vegeigar om innføring av restriksjonar på reiser til/frå Osterøy. Dette for å stoppa smittespreiing og slik medverka til å oppretthalda helse- og omsorgstenestene. Vedtaket vert gjort med heimel i kommunelova §§ 13-1, 6. ledd og § 11-8.

Fullmakta gjeld til behovet fell bort og seinast 01.09.20."

### AVRØYSTING

#### Alternativ avrøysting

Rådmannen sitt framlegg	-	0 røyster
Ordføraren sitt framlegg	-	samrøystes (2SP,2AP,1H,1SV,1KRF,1FRP)

### FS - vedtak:

"Rådmann og ordførar i felleskap får fullmakt til å ta opp med politi og vegeigar om innføring av restriksjonar på reiser til/frå Osterøy. Dette for å stoppa smittespreiing og slik medverka til å oppretthalda helse- og omsorgstenestene. Vedtaket vert gjort med heimel i kommunelova §§ 13-1, 6. ledd og § 11-8.

Fullmakta gjeld til behovet fell bort og seinast 01.09.20."

### Saksopplysningar:

#### Saksopplysningar:

#### Bakgrunn

Koronaepidemien gjer det nødvendig med tiltak på lokalt nivå i tillegg til det som vert gjort sentralt.

Mange kommunar har innført restriksjonar på trafikk til og frå kommunen.

### **Vurdering**

Dersom det skal innførast restriksjonar på reiser til/frå Osterøy utover det som er tilrådd frå sentrale mynde, må dette skje i samarbeid med politi og vegmynde.

Verksemder i kommunen er varsla og har fått høve til å vurdere konsekvensar for dei.

Folkehelse – alt som gjer mindre kontakt mellom folk er med på å stoppa smittespreiing.

Miljø

Økonomi

### **Konklusjon**

Saka vert lagt fram som hastesak for avgjerd i fjernmøte.